Dag Terje Andersen (A) [12:43:26]: Det hjelper ikke med noen ny eierskapsmelding hvis vi i den nye eierskapsmeldingen skal vedta – etter forslag fra statsråden – det samme som står nå, og vi ser de resultatene vi ser. Jeg la fram den første eierskapsmeldingen, det var første gang vi brukte den formuleringen, og etter min oppfatning er resultatene vi ser for de statlige selskapene nå, langt utenfor det som var intensjonen. Det er formulert slik – og det er riktig som statsråden sier – fordi det finnes enkeltselskaper i enkeltsituasjoner som ikke nødvendigvis skal ligge på akkurat 2,5 pst. Det er ikke det jeg sier. Men vi ser altså økninger på langt over det, ikke bare én gang, men år etter år. Så ved at departementet er i generalforsamlingen – og i de heleide selskapene er i mange tilfeller Nærings- og fiskeridepartementet generalforsamlingen – og at en i tillegg har innflytelse, delvis gjennom styredialog, men også delvis gjennom valgkomiteer, over hvem som faktisk sitter i styret: Er statsråden innstilt på å bytte ut folk som lar denne lønnsgaloppen fortsette?

Statsråd Torbjørn Røe Isaksen [12:44:33]: Styremedlemmer som ikke forholder seg til statens og Stortingets prinsipper for eierskap, er det naturlig å tenke at ikke har tillit – selvfølgelig. Men mitt poeng er at vi følger opp det som er Stortingets vurderinger, og også mine kommentarer i denne sal betyr at vi er opptatt av å understreke ytterligere behovet for moderasjon. Det betyr også å bruke de verktøyene vi har tilgjengelig, innenfor de rammene Stortinget har satt, til å formidle det til selskapene.

Men jeg mener også at det er helt nødvendig å ha en mer nyansert diskusjon enn bare å se på makrotallene, for det er ikke slik at Stortinget har satt et prosentmål. Jeg er enig i at det kan være en god tommelfingerregel i mange situasjoner. Men Stortinget er også nødt til, når

man vurderer moderasjon kontra konkurransedyktighet, å si som man tydelig understreker i merknaden, at dette ansvaret pålegges styrene, og at det i siste instans må være en vurdering i hvert enkelt selskap.

Nils T. Bjørke (Sp) [12:45:49]: Det har vore tydeleg i eigarskapsmeldinga i mange år kva ein meiner om lønsutviklinga og det løpet i statlege selskap. No seier ministeren tydeleg at dette vil han følgja opp og gjera noko med, men han har mange «men». Kva er det som gjer at gjennom så mange år no har den utviklinga som har skjedd der, skjedd, når eigarskapsmeldinga har vore så tydeleg så lenge som ho har?

Statsråd Torbjørn Røe Isaksen [12:46:18]: Mitt aller viktigste «men» er ikke mot komiteens merknader. Det er mot noe av det jeg oppfatter som en betoning i innleggene her, nemlig at det kunne – i hvert fall for utenforstående – lett høres ut som om Stortinget nå hadde laget et nytt eierskapsprinsipp, nemlig at moderasjon per definisjon er at man ikke skal ligge over normal lønnsvekst. Det er ikke det Stortinget har gitt oss i oppdrag å gjøre. Det Stortinget har gitt oss i oppdrag å gjøre, er å sikre at man balanserer de to hensynene konkurransedyktighet – nå forenkler jeg litt – og moderasjon.

Så sier jeg, punkt to, at jeg er enig i at dette viser at vi må fortsette arbeidet med moderasjon, og at det skal være en tydelig og klar forventning at vi som departement må bruke de verktøyene vi har til det.

Det må også være en vurdering av det enkelte styre og det enkelte selskap. Mye av det vi snakker om her, er f.eks. styrehonorarer. Det kan være endringer i selskapet, endringer i statens forventninger som gjør at det noen ganger er naturlig at styrehonorarene settes mer opp enn vanlig lønnsvekst.

Nils T. Bjørke (Sp) [12:47:26]: Men det er jo det som er utfordringa. Det ser ut for meg som at alle «men»-a gjer at når ein ser utviklinga i sum over i tid, er det ikkje enkeltselskap som har gått høgt opp, men det har vore ein mykje sterkare vekst i dei statlege selskapa generelt. Skal ein få ei endring her, må det vera vilje frå ansvarleg statsråd til å gjera ei endring.

Når det gjeld styrehonorar, var det ein diskusjon her med omsyn til styreansvarsforsikring og slikt, som for så vidt er viktig for mange i styre. Samtidig vert det ofte påpeikt at styrehonorar går opp fordi ansvaret vert større, men når ein samstundes får ei god styreansvarsforsikring, må ein sjå dette totalt.

Statsråd Torbjørn Røe Isaksen [12:48:09]: Når det gjelder styreansvarsforsikring, har jeg sagt at det vil vi vurdere. Der er det gode argumenter i begge retninger.

Men igjen tilbake til poenget: Hvis lønnsutviklingen generelt i det segmentet eller universet som man henter styremedlemmer fra eller rekrutterer ledere fra – også til de statlige selskapene – øker, innebærer det, basert på de rammene Stortinget har gitt, at forståelsen av hva som er konkurransedyktig, også vil endre seg. Stortinget har som sagt ikke sagt at det finnes en fast grense for moderasjon. Stortinget har sagt at moderasjon skal tillegges avgjørende vekt. Jeg er enig i det. Jeg mener at det må understrekes enda tydeligere enn det vi gjør i dag, men man har sagt at det skal veies opp mot konkurransedyktighet. Det er mitt enkle poeng, at det er den avveiningen Stortinget har sagt skal gjøres.

Så har man også sagt i merknadene at styret har et vesentlig ansvar, og så har vi som departement et veldig vesentlig ansvar i å påse at styrene skjønner statens signaler.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [12:49:25]: Da var vi her nok ein gong, i ein situasjon der utviklinga i løn for leiarar og styremedlemmer, godtgjeringa deira, har gallowert, mens vanlege folk blir oppfordra til moderasjon i anten løn eller pensjon. Der skal livreima strammast inn. Ein må jobbe lenger for å få den same pensjonen, for å få vanleg pensjon, og i lønsoppgjera blir vanlege folk oppfordra til å vere moderate. Dei tala som vi får lagt fram her, viser at det ikkje har vore noka form for moderasjon her – i dei store tala. Her har det vore det motsette av moderasjon. Så det er heilt klart at det er forskjell på folk, der dei frå den øvste delen av bordet kan seie til dei som sit ved den nedste delen av bordet, at dei må vere moderate, mens ein frå øvste hald ikkje vil vere det.

Da er kjernespørsmålet til statsråden, for å sjå om det blir noka endring her: Kan statsråden garantere at løns- og godtgjeringsutviklinga for leiarar vil vere meir lik den moderasjonen som ein krev av vanlege folk?

Statsråd Torbjørn Røe Isaksen [12:50:33]: Jeg ber om å bli trodd på at dette ikke er for å være vanskelig, men det er slik at mitt oppdrag er å forvalte den eierskapsmeldingen som Stortinget har sluttet seg til. Stortinget har ikke bedt regjeringen om å garantere den typen ting som representanten Knag Fylkesnes nå tar opp. Hvis Stortinget ønsker andre prinsipper, kan selvfølgelig Stortinget vedta det. Vi får tilstrekkelig tid til å diskutere det også når ny eierskapsmelding kommer.

Det vi diskuterer i dag, er hvorvidt departementet følger godt nok opp de prinsippene som Stortinget har lagt i dag, som kort kan oppsummeres med konkurransedyktighet, moderasjon, hvor moderasjon skal tillegges avgjørende vekt. Da har jeg sagt at jeg mener vi skal følge det enda bedre opp, bruke verktøyene vi har til å gjøre det. Men det innebærer at så lenge man også mener at styrene har et vesentlig ansvar, som hele komite-

en – så vidt jeg vet – har sluttet seg til, er det ikke mulig for en statsråd å gi en slik garanti. Det vil innebære et helt annet eierskapsprinsipp enn det Stortinget har vedtatt.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Statsråd Bent Høie [12:51:50]: Jeg vil kommentere tre av undersøkelsene i Riksrevisjonens årlige revisjon og kontroll for budsjettåret 2017.

Den første er undersøkelsen av helseforetakenes bruk av legeressurser i spesialisthelsetjenesten. Riksrevisjonen påpeker at kapasiteten ved poliklinikkene ikke utnyttes godt nok. De peker også på konsekvensene av manglende erfaring og på manglende systematisk planlegging og oppfølging. Helseregionene viser til at legene bruker mye tid og ressurser knyttet til manuelle rapporteringsrutiner for data til kvalitetsregistre og andre nasjonale rapporteringspunkter. Et viktig tiltak her er arbeidet med strukturert journal for å forenkle rapporteringen betraktelig. Helseregionene peker også på digitale konsultasjoner og andre former for medisinsk avstandsoppfølging som effektive metoder for både diagnostisering og kontroll av pasientene. Dette vil være et sentralt tema i den neste nasjonale helse- og sykehusplanen, som skal legges fram til høsten.

Riksrevisjonen anbefaler både departementet og helseregionene å fortsette arbeidet med å redusere unødvendig venting for pasientene. Det samme gjelder uønsket variasjon i effektivitet og kapasitetsutnyttelse i driften. Jeg er selvfølgelig enig i det. Jeg vil følge opp Riksrevisjonens rapport. Blant annet har jeg stilt krav til de regionale helseforetakene om å følge opp hovedfunn, merknader og anbefalinger. Dette innebærer også at de må rapportere til departementet om den videre oppfølgingen.

Den andre undersøkelsen er av Helse Sør-Østs gjennomføring av det regionale radiologiprogrammet RIS/PACS. Riksrevisjonen påpeker at målene ikke ble nådd i Helse Sør-Østs gjennomføring av regionalt radiologiprogram, videre at arbeidet har medført betydelige økonomiske tap, og at det var mangler ved behovsvurdering, manglende beslutningsevne og manglende risikostyring i programmet.

Helse Sør-Øst har iverksatt flere tiltak. Ny organisering skal gi tydeligere roller og ansvar, sikre bedre involvering av helseforetakene og bedre forankringen av beslutningene både i helseforetakene og i ledelsen i det regionale helseforetaket. Styret får rapportering om gjennomføring av de enkelte prosjektene i IKT-porteføljen. På den måten blir de bedre i stand til å følge opp vedtatte prosjekter. Det legges vekt på avviksrapportering og tiltak for å lukke disse.

Den tredje undersøkelsen er av styrenes oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet i spesialisthelsetje-

nesten. Riksrevisjonen påpeker at det er mangler ved styrenes oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet, og at departementet og helseregionene ikke sikrer godt nok at hvert styre samlet sett har riktig kompetanse.

Jeg vil legge Riksrevisjonens undersøkelser og anbefalinger når det gjelder eierstyringen av de regionale helseforetakene, til grunn i min oppfølging. I felles foretaksmøte i januar ba jeg om at de gjør det samme i sin oppfølging av styrene i helseforetakene. Jeg har særlig pekt på behovet for å styrke kompetansen knyttet til internkontroll og risikostyring. I foretaksmøtet viste jeg til forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten. Den slår fast at virksomhetens ledelse skal ha oversikt over områder i virksomheten der det er risiko for svikt eller mangel på etterlevelse av myndighetskrav.

Tilsvarende gjelder også for områder der det er behov for vesentlig forbedring av kvalitet på tjenesten og pasientsikkerheten. Her viser jeg til betydningen av at styrene tar en mer aktiv rolle i oppfølgingen av kvalitet og pasientsikkerhet. For å bidra til erfaringsutveksling ba jeg Helse Vest arrangere et seminar der de regionale helseforetakene skal legge fram konkrete eksempler på forbedringsarbeid i egen region.

Når det gjelder utviklingen av styrenes kompetanse, viser jeg til rollefordeling mellom eier og styrene. Styrene har hovedansvar for at virksomheten når målene sine, og eier er ansvarlig for å følge opp styrets resultater og vurdere hvorvidt styret er egnet. Videre har eier ansvar for å oppnevne styrene. Departementet følger i dette arbeidet regjeringens retningslinjer for styrevalg i selskaper der staten er eier. Blant annet blir det utviklet en kompetanseprofil for hvert av styrene. Profilen er basert på intervjuer, styrets egen evaluering, foretakenes utfordringer og strategisk retning både på kort og på lang sikt.

Jeg vil særlig peke på to opplæringstiltak som departementet gjennomfører. Departementet gjennomfører felles styreseminar annethvert år. Der er det naturlig å ha med temaer knyttet til internkontroll og risikostyring og oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet. Det andre tiltaket er en egen styreveileder som skal være til støtte for å forstå og utøve styrearbeid på en god måte. Departementet har nylig revidert denne styreveilederen.

Riksrevisjonens undersøkelser har gitt oss nyttig informasjon og kunnskap. Dette har jeg som nevnt fulgt opp i min styring av de regionale helseforetakene.

Presidenten: Det vert replikkordskifte.

Kjersti Toppe (Sp) [12:57:00]: Det var mange replikkar eg kunne ha tatt ut frå det som står her, men eg vel å spørja om det som står om at styra i heleføretaka ikkje er gode nok på å fokusera på kvalitet og risikostyring. Dei arbeider ikkje med og får ikkje informasjon

om dei sakene som har betydning for kvalitet og pasientsikkerheit, og brukar ikkje uønskte hendingar som eit ledd i forbedringsarbeidet. Eg synest dette er veldig oppsiktsvekkjande, med alt det fokuset som har vore på pasientsikkerheit og kvalitet. Det verkar som styra i helseføretaka framleis styrer etter og har fokus på økonomi, ventetid og fristbrot. Og sånn er det.

Eg høyrer kva statsråden seier skal skje, men mange påbod har jo vore der allereie. Kan vi stola på at regjeringa no sørgjer for at styra i helseføretaka vil fokusera på meldekultur og pasientsikkerheitsarbeid?

Statsråd Bent Høie [12:58:04]: Dette er et tema som går igjen i min oppfølging av styrene i de regionale helseforetakene og når jeg deltar på seminarer med styrene i de lokale helseforetakene. Jeg har ansvar for å oppnevne styrene i helseregionen, mens det er helseregionene som har ansvar for å oppnevne styrene i helseforetakene og oppfølgingen av disse. Men dette er også tema når jeg møter disse styremedlemmene og styrelederne.

Jeg har i foredragsmøte bedt helseregionene om å følge opp også denne undersøkelsen, bl.a. ved å påse at helseforetakene informerer sine styrer om ansvaret de har for oppfølging av kvalitet og pasientsikkerhet. Jeg har i møtene også understreket nettopp betydningen av at de konkret diskuterer disse utfordringene, og at dette ikke – som jeg har et visst inntrykk av har vært litt av tradisjonen – ligger ved som orienteringssaker fra ledelsen, og at styrene ikke egentlig går direkte inn i de enkelte forhold.

Kjersti Toppe (Sp) [12:59:08]: Då må eg ha eit oppfølgingsspørsmål som gjeld det at regjeringa vil avvikla meldeordninga, som er den mest brukte meldeordninga i sjukehusa, og som har som føremål at ein skal læra av desse feila, og at ein skal læra av nesten-hendingar. Grunngevinga frå regjeringa er at ordninga ikkje har nokon verdi, men denne saka viser at det kanskje er styra sjølve som burde ha tatt tak i meldeordninga og brukt det i læringsarbeidet. Eg vil spørja statsråden om han ikkje angrar på at meldeordninga skal avviklast, når han ser kva Riksrevisjonen seier om styrearbeidet og manglande fokus på uønskte hendingar.

Statsråd Bent Høie [13:00:07]: Nei, jeg angrer ikke på at vi avvikler den nasjonale rapporteringen av de anonyme, ustrukturerte meldingene, for det som kom ut av det, var et læringsnotat, som vi ikke har sett noen dokumentert effekt av. Men meldingene internt i virksomheten blir ikke avviklet. Den kunnskapen vil fortsatt være tilgjengelig.

Jeg oppfatter at hovedproblemstillingen ikke er at styrene ikke har nok kunnskap, ikke får nok kunnskap eller ikke har tilgjengelig data knyttet til kvalitet og pasi-

entsikkerhet, men at den ikke blir brukt. Det har også vært et gjentakende tema i mine taler i forbindelse med de årlige oppdragene, at utfordringen i helsetjenesten nå ikke er mangel på data, men manglende bruk av data. Det er også årsaken til at jeg har innført en ny kvalitetsforskrift som pålegger ledelsen på alle nivåer å gå igjen om all tilgjengelig data fra sin virksomhet minst én gang i året og sette i gang forbedringsarbeid på bakgrunn av det.

Dag Terje Andersen (A) [13:01:15]: Folkehelseinstituttet har blitt nevnt som et eksempel på at det har tatt av når det gjelder lederlønninger og antallet med høye lederlønninger. Nå ligger vel det konstitusjonelt sett til hans kollega i samme departement, men la meg spørre statsråden:

På hvilken måte vil du som statsråd bidra i dine underliggende etater, helseregioner osv., og er du enig i at du har et ansvar for å sørge for at lønningene ikke tar av i de yrkene, eller er du enig med statsråd Michaelsen, som uttalte at hun ikke ville blande seg bortlikt?

Presidenten: Presidenten vil påpeika at ein ikkje må seia «du» til helseministeren.

Statsråd Bent Høie [13:02:07]: Jeg opplever at representanten Dag Terje Andersen og jeg er dus, så det går helt fint.

Det er riktig, som representanten Andersen sier, at Folkehelseinstituttet ligger under statsråd Michaelsens ansvarsområde, men jeg opplever at jeg har et ansvar for å sørge for at underliggende etater og virksomheter ikke blir lønnsledende når det gjelder lederlønninger. Det er også derfor jeg gir oppdrag om å følge opp de føringene som egentlig forankres her i Stortinget gjennom eierskapsmeldingen, som statsråd Røe Isaksen også snakket om i sin replikkordveksling. Det er de samme føringene jeg gir til våre underliggende virksomheter.

Så er det alltid spesielle forhold som gjør at en får enkelte endringer i lederlønninger fra ett år til et annet, men da er en mer inne på den enkelte leder.

Dag Terje Andersen (A) [13:03:10]: Jeg er enig med statsråden i at en ikke skal diskutere enkeltlønninger her, men statsråden sier at det noen ganger er spesielle forhold. Er statsråden enig i at det er litt spesielt at spesielle forhold bestandig fører til at lønningene må økes mer enn for andre folk? Det hender vel at noen gjør en dårlig jobb f.eks., eller får mindre ansvar?

Statsråd Bent Høie [13:03:40]: Det kan f.eks. være at en leder får beskjed om at en ikke kan ha så mange verv eller posisjoner ved siden av lederjobben. Som en konsekvens av en slik innstramming vil det i noen tilfeller være naturlig at det kompenseres med en lønnsøkning.

Det kan gi enkelte utslag. Det er slike eksempler som kan innebære en økning. Men jeg sier ikke at en generelt skal akseptere en høyere lønnsvekst – tvert imot. Vi skal ikke være lønnsledende på disse områdene.

Presidenten: Replikkordskiftet er omme.

Dei talarane som heretter får ordet, har ei taletid på inntil 3 minutt.

Kjersti Toppe (Sp) [13:04:42]: Riksrevisjonens kontroll med forvaltninga 2017 er veldig interessant lesing, og når ein sit i helse- og omsorgskomiteen. Eg vil koma med ein del kommentarar til desse sakene.

Når det gjeld det som står om bruken av legeressursar i helseføretaka, er det aller viktigaste i helsepolitikken etter mitt syn å leggja til rette for møtet mellom pasient og behandlar. Helsepersonell er den aller knappaste ressursen i helsevesenet, altså det vi må prioritera høgst. Difor er det ei stor bekymring at legar berre bruker 60 pst. av arbeidstida si på direkte pasientrelatert arbeid. Den tida ein bruker på dokumentasjon, journalar, epikrisar og slikt, aukar da opp mot 40 pst. Slik kan vi ikkje ha det, og slik har vi ikkje råd til å ha det. Det er feil bruk av helseressursar, og det er òg dårleg pasientbehandling. Dette må vi gjera noko med.

Så til punktet om å få meir effektive poliklinikkar. Eg er heilt enig i at det er veldig mykje som skal skje poliklinisk på grunn av den medisinske utviklinga, som vil betra pasientbehandlinga, men vi må ikkje gå i den fella – viss vi no endrar finansieringssystemet for at det skal løna seg – å gjera innleggingar ulønsame. Det er eit stort press på døgnkapasiteten i norske sjukehus, særleg i psykiatrien, og eg vil åtvare mot å gå i den fella.

Så til saka om radiologiprogrammet i Sjukehuset Innlandet. Dette er ei sak som vi no får til behandling i helse- og omsorgskomiteen, og som vi vil koma tilbake til. Det eg synest er uforståeleg, er at når det står rett ut at ein hadde fått gjentatte åtvaringar tidleg i programperioden frå både interne fagpersonar, eksterne kvalitets-sikrarar og prosjektleiarar, at prosjektstyret likevel ikkje greidde ut denne informasjonen. Det er fleire tilsvarende saker i helsevesenet om akkurat det same: Kritikkk vert ikkje høyrte. Vi har no eit nytt, stort IKT-prosjekt i Helseplattformen i Midt-Norge. Kan vi stola på at ikkje det same skjer der? Kan vi stola på at kritikkk som kjem opp, vert høyrte? Kan vi avslutta den store bruken av eksterne konsulentar som mogleggjer slik ansvarsfråskrivning?

Eg vil så kommentera det eg hadde replikk om – kvalitet og pasientsikkerheit. Det er veldig nedslåande, og eg håpar verkeleg vi kan få eit styre som kan setja kvalitet på dagsordenen og ikkje berre fokusera på økonomi.

Eg vil heilt til slutt seia at eg synest det var ei veldig god innstilling og veldig gode merknader – skryt til dei som har skrive dei.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:07:54]: Eg trur at om det er nokon som følgjer med på denne debatten utanfor dette huset, vil dei kanskje sitje igjen med ei kjensle av at landets leiarar krev moderasjon frå vanlege folk, folk flest, men at den moderasjonen ikkje skal gjelde dei sjølve – den moderasjonen skal ikkje gjelde dei sjølve. Det er ein alvorleg situasjon, for det handlar om tillit mellom leiarane i samfunnet og folket. Dei dugnadene Noreg skal gå gjennom i åra som kjem, på mange samfunnsområde, krev leiarar som tek samfunnsansvar, dei også. Ein kan ikkje berre krevje at folk flest skal ta samfunnsansvar, mens dei som sit øvst ved bordet, aktivt skal unndra seg det.

Eg vil vise til den situasjonen vi hadde i replikkordskiftet med statsråden, der statsråden sa at ein eigentleg ikkje kan gjere noko, at ein eigentleg ikkje kan ta tak i denne problemstillinga, for det vil bryte med arbeidet med eigarskapsmeldinga som blei gjennomført tidlegare. Det er ein spesiell argumentasjon, for det er Stortingets siste vedtak som gjeld. Det er dei signala som kjem frå Stortinget frå den siste runden ein behandla saka, som gjeld. Om statsråden føler han manglar mandat til å gi beskjed om at no må også leiarar, styreleiarar og styre ha ei moderat utvikling av godtgjersler og løn, ja, da har statsråden fått det mandatet i dag. Det er faktisk ikkje første gongen, heller. Men om det var noka som helst form for tvil, er i alle fall den tvilen borte no. No kan statsråden gå tilbake til si gjerning som statsråd og gi beskjed til alle dei selskapa som staten styrer over, om at vi ved neste korsveg skal sjå ein moderasjon også der. Det kan statsråden no gjere.

Statsråden kan ikkje vere ein overkikador for Stortinget, spole tilbake tida og finne tilbake til vedtak eller formuleringar frå Stortinget som passar statsråden. Statsråden må halde seg til Stortinget slik Stortinget formulerer seg no. Altså: Siste gongen saka blei behandla, er utgangspunktet for regjeringas arbeid. Det er ingen moglegheit for å unndra seg den plikta. Og når ein samla komité peikar på misforholdet mellom det ein krev av vanlege folk på den eine sida, og den lønsfesten som til samanlikning har skjedd for leiarar på den andre sida, da må statsråden ta affære!

Dag Terje Andersen (A) [13:11:15]: Først noen få ord knyttet til styreansvarsforsikring og hvorfor vi mener at det bør være en del av godtgjørelsen: Etter min oppfatning er det en naturlig konsekvens av det som jeg oppfatter som intensjonen med aksjelovens bestemmelse om at styremedlemmene har personlig ansvar. Nettopp fordi ansvaret skal være personlig, er det naturlig at en forsikring som ivaretar eventuelle økonomiske konsekvenser av et slikt ansvar, på samme måte er en del av godtgjørelsen, og at det er personlig.

Jeg har selv siddet i et aksjeselskap som måtte innlevere boet, for å si det sånn, og kjenner på at nettopp det personlige ansvaret som en har ved å sitte i styret i et aksjeselskap, gjør at en føler ansvarlighet, f.eks. til ikke å drive på kreditors regning. Så der mener vi det er en logisk sammenheng, og jeg registrerte at statsråden er villig til å diskutere det videre.

Når det gjelder styregodtgjørelser og andre godtgjørelser til ledere, snakker vi egentlig om to ting. Det Riksrevisjonen nå har undersøkt, er utviklingen i perioden og ikke nivået på det enkelte styreverv. Det er en annen diskusjon, som i seg selv er viktig, men det vi altså nå diskuterer, er tilleggene fra år til annet. Og jeg vil tillate meg, i og med at det var jeg som først brukte formuleringen «ikke lønnsledende», å fortelle statsråden at den gangen var oppfatningen at en må ha en særskilt god grunnelse dersom et tillegg fra et år til et annet skal være utover normal lønnsutvikling. Jeg mener det er en naturlig måte å tolke begrepet «ikke lønnsledende» på når det gjelder utvikling fra år til annet, at en må ha en særskilt grunn dersom det skal være noe annet enn det som er alminnelig lønnsutvikling i samfunnet.

Det er mulig at det må presiseres tydeligere, men for meg er det den eneste logiske måten å lese den formuleringen på, og jeg kan også fortelle at det var det som ble sagt til selskapene på den påfølgende eierskapskonferansen. Og det er det vi har kommentert nå, at så mange selskaper har langt ut over det som er vanlig lønnsstigning, og at det er dramatisk, særlig i en periode der nettopp lønnsmoderasjon og samfunnsansvar har vært viktig for utviklingen i Norge.

Statsråd Torbjørn Røe Isaksen [13:14:09]: Takk for diskusjonen. Bare for å understreke en del ting, som ikke er noe nytt, men en gjentakelse av det jeg har sagt: Jeg er ikke bare enig i at det er min plikt som statsråd å følge opp flertallsmerknadene, jeg er også enig i flertallsmerknadene. Jeg sa flere ganger tydelig at vi skal bruke de verktøyene vi har, også for å følge opp flertallsmerknadene, og det innebærer også å understreke og forsterke moderasjon og budskapet om moderasjon. Men jeg har også vært opptatt av å nyansere, at det her dreier seg om både styreverv og ledelse, og å være tydelig på hva Stortinget har trukket opp som prinsipper for det statlige eierskapet.

Eierskapsmeldingen som kommer, er ikke ubetydelig, for den gir oss en anledning til å diskutere nettopp om det er behov for sterkere formuleringer og tydeligere presiseringer av det regjering og storting mener. Men det er altså sånn at ingen selskaper i Norge, som staten eier, skal være i tvil om hva som står, og hva som er statens forventning. Statens forventning er at man skal legge avgjørende vekt på moderasjon, og det er et budskap

som er klart og tydelig til styrene, og det er et klart og tydelig budskap som vi fremmer.

Så må jeg få lov til å avlegge representanten Knag Fylkesnes' innlegg en kort visitt, for jeg synes det innlegget var litt spesielt. Det er altså ikke slik at flertallet, eller komiteen, ber regjeringen om å lage en helt ny eierskapspolitikk. Det er altså ikke slik at flertallet i kontroll- og konstitusjonskomiteen, som for øvrig har et annet ansvar enn næringskomiteen, som er ansvarlig komité for eierskapspolitikken, har bedt regjeringen om å legge til side tidligere vedtatte dokumenter. Alt i flertallets merknader, antar jeg – tar jeg for gitt – er en oppfølging av de tidligere vedtatte prinsippene som Stortinget har lagt for eierskapsstyringen.

Jeg tror faktisk det har en ganske stor verdi at Stortinget, samlet sett, har vært enige om at i forvaltningen av det statlige eierskapet er det nettopp Stortinget som skal trekke opp noen langsiktige linjer som gir forutsigbarhet. Og så har man diskusjonen – etter viktig undersøkelse fra Riksrevisjonen – om hvordan departementet følger opp disse retningslinjene. Og det er viktig, som jeg sa, også fordi det hele tiden er sånn at vi må se på hvordan vi kan forbedre. Er det rutiner som må bli bedre, er det budskap som kan være tydeligere?

Men representanten Knag Fylkesnes' innlegg oppfatter i hvert fall ikke jeg å være reflektert i merknadene fra komiteen, hvis det er å forstå dit hen at komiteen ber oss om å bytte ut eierskapsmeldingens prinsipper.

Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:17:25]: Eg må innrømme at eg synest innlegget til statsråden var «interessant» – for ikkje å bruke ordet «spesielt» tilbake. Riksrevisjonen si rolle er å sjekke at forvaltninga og dei statlege selskapa følgjer opp dei vedtaka Stortinget har gjort. I dette tilfellet ser vi at det har vore ei lønsutvikling og ei utvikling av godtgjersler som har vore leiande. Det har vore langt over det som vanlege folk får i auke i inntekta – langt over, og over tid – altså i strid med det som står i eigarskapsmeldinga. Rolla til kontrollkomiteen er å vere Stortingets etterpåkloke organ og seie: Når denne typen saker kjem opp, når vi skal gå igjennom om regjeringa har følgd opp Stortingets politikk, er det kontrollkomiteen si rolle å gi beskjed om det har skjedd eller ikkje. I dette tilfellet skriv ein samla komité:

«Komiteen vil peke på at denne utviklingen skjer samtidig med at pensjonsordninger for vanlige lønnsstakere strammes inn, slik at folk må jobbe lenger for å oppnå vanlig pensjon, og det manes til moderasjon i lønnsoppgjør. Det er også foretatt innstramminger i ordningen med dagpenger for arbeidsløse. Denne utviklingen, der vanlige arbeidstakere manes til moderasjon, mens ledere får stadig

bedre vilkår, forsterker forskjellsutviklingen og er svært uheldig.»

Det skriv ein samla kontrollkomité på Stortinget. Statsråden kan ikkje shoppe i komitear. Det einaste statsråden kan forhalde seg til, er Stortinget. Og rolla til kontrollkomiteen er å sjekke om dei vedtaka som Stortinget tidlegare har gjort, er følgde opp av statsråden. Det var poenget mitt.

I den grad statsråden har problem med å finne mandat frå Stortinget for å følgje dette skikkeleg opp, ta tak i den ikkje-moderate lønsutviklinga til leiarane i landet vårt, finn han det i alle fall her. Stortinget meiner at dette er i strid med korleis vi skal utøve god styring av selskapa som staten eig. Her har vi ein statsråd med ansvar for dei statlege selskapa. Er det ikkje berre å gi beskjed? Er det ikkje berre å gi beskjed til dei statlege selskapa som vi rår over, at no skal ein forstå dette slik det står, og seie: «Det skal ikkje vere lønsleiande. Dersom det kjem særskilde vurderingar, ønskjer eg å ha det på mitt bord.» Kan ikkje statsråden seie noko så enkelt som det? Eg synest også det er spesielt at statsråden heller ikkje kan garantere at vi i framtida ikkje får ein lønsfest, men at dette faktisk kan fortsetje inn i framtida. Det er urovekkjande.

Presidenten: Representanten Dag Terje Andersen har hatt ordet to gonger tidlegare og får ordet til ein kort merknad, avgrensa til 1 minutt.

Dag Terje Andersen (A) [13:20:37]: Dette gjelder samme tema.

Nei, det er ikke slik at kontrollkomiteen lager ny politikk. Det gjør vi aldri, og det beflitter vi oss på. Vi sjekker om vedtatt politikk blir fulgt opp, og vi mener altså at den ikke blir det. Noe av forvirringen er muligens knyttet til at statsråden sier at Stortinget ikke har vedtatt en presentsats for økningen. Det var grunnen til at jeg stilte spørsmålet i replikkordskiftet. Oppfatter statsråden at dette er innenfor intensjonen i eierskapsmeldinga? Det får vi ikke noe klart svar på. I stedet begynner han å snakke om at Stortinget ikke har vedtatt en presentsats, og det er da jeg sier at den opprinnelige oppfatningen av den formuleringen var nettopp at skal en ha en utvikling i godtgjørelse eller lønn utover alminnelig lønnsutvikling, må det være en særskilt begrunnelse for det. Det kunne vært moro å høre om statsråden kunne tenke seg å være enig i en slik formulering. Eller så må Stortinget sørge for at vi er tydeligere i bestillingen, for her virker det som om statsråden prøver å forsvare en betydelig lønnsutvikling utover alminnelig lønnsutvikling.

Presidenten: Fleire har ikkje bedt om ordet til sak nr. 5.

Votering

Etter at det var ringt til votering, sa

presidenten: Då ser det ut til at me er klare til å gå til votering.

Votering i sak nr. 1

Presidenten: Under debatten er det sett fram i alt fem forslag, frå Hulda Holtvedt på vegner av Miljøpartiet Dei Grøne og Raudt.

Forslag nr. 1 lyder:

«Stortinget ber Stortingets presidentskap fremme et forslag hvor Stortingets retningslinjer for bruk av tilskudd fra Stortinget til stortingsgrupper og uavhengige representanter oppdateres. De nye retningslinjene skal inneholde et krav om økonomisk åpenhet om hvordan tilskuddene brukes, med retningslinjer for innsyn i regnskapene tilsvarende annen bruk av offentlige midler.»

Forslag nr. 2 lyder:

«Stortinget ber Stortingets presidentskap i sin gjennomgang av gruppetilskuddet legge til grunn at det er behov for mer åpenhet om hvordan partigruppenes midler brukes og fremme et forslag om dette innen utgangen av 2019.»

Forslag nr. 3 lyder:

«Stortinget ber Stortingets presidentskap i sin gjennomgang av gruppetilskuddet sammenligne økonomisk åpenhet for gruppetilskudd hos andre parlamenter og redegjøre for regelverk som sikrer større åpenhet enn Stortinget har i dag.»

Forslag nr. 4 lyder:

«Stortinget ber Stortingets presidentskap i sin gjennomgang av gruppetilskuddet sikre at eksperter og organisasjoner som spesialiserer seg på økonomisk åpenhet og åpenhet i parlamenter blir rådspurt.»

Forslag nr. 5 lyder:

«Stortinget ber Stortingets presidentskap søke råd gjennom Open Government Partnership om hvordan Stortinget kan vise større åpenhet, blant annet i forbindelse med gjennomgangen av gruppetilskuddet.»

Det vert votert alternativt mellom desse forslaga og tilrådinga frå presidentskapet.

Sosialistisk Venstreparti har varsla støtte til forslaga.

Presidentskapet hadde tilrådd Stortinget å gjera følgjande

v e d t a k :

Dokument 8:59 S (2018–2019) – Representantforslag fra stortingsrepresentant Per Espen Stoknes om oppdatering av retningslinjer for bruk av tilskudd fra

Stortinget til stortingsgrupper og uavhengige representanter – vedlegges protokollen.

Votering:

Ved alternativ votering mellom tilrådinga frå presidentskapet og forslaga frå Miljøpartiet Dei Grøne og Raudt vart tilrådinga vedteken med 90 mot 9 røyster.

(Voteringsutskrift kl. 13.32.26)

Votering i sak nr. 2

Presidenten: Under debatten har Elise Bjørnebekk-Waagen sett fram eitt forslag på vegner av Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag til endringer i lov eller foreta nødvendige forskriftsendringer for å sikre at kvinner med alvorlige fødselskader kan få rett til erstatning eller kompensasjon.»

Det vert votert alternativt mellom dette forslaget og tilrådinga frå komiteen.

Miljøpartiet Dei Grøne og Raudt har varsla støtte til forslaget.

Komiteen hadde tilrådd Stortinget å gjera følgjande

v e d t a k :

Dokument 8:45 S (2018–2019) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Kjersti Toppe og Siv Mossleth om å sikre kvinner rett til erstatning etter alvorlige fødselsskader – vedtas ikke.

Votering:

Ved alternativ votering mellom tilrådinga frå komiteen og forslaget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart tilrådinga vedteken med 51 mot 48 røyster.

(Voteringsutskrift kl. 13.33.31)

Votering i sak nr. 3

Presidenten: Under debatten er det sett fram i alt fire forslag. Det er

- forslaga nr. 1 og 2, frå Tuva Moflag på vegner av Arbeidarpartiet
- forslag nr. 3, frå Kjersti Toppe på vegner av Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti
- forslag nr. 4, frå Sheida Sangtarash på vegner av Sosialistisk Venstreparti

Det vert votert over forslag nr. 4, frå Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«Stortinget ber regjeringen i samarbeid med

ansattes organisasjoner utrede og foreslå kvalitets- og kompetansebaserte bemanningsnormer i eldreomsorgen.»

Miljøpartiet Dei Grøne og Raudt har varsla støtte til forslaget.

V o t e r i n g :

Forslaget frå Sosialistisk Venstreparti vart med 89 mot 9 røyster ikkje vedteke.

(Voteringsutskrift kl. 13.34.15)

Presidenten: Det vert så votert over forslag nr. 3, frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti. Forslaget lyder:

«Stortinget ber regjeringen fremme tiltak som gir kommunene insentiver til å styrke verdibasert, stedlig ledelse i den kommunale eldreomsorgen, og informere Stortinget på egnet vis.»

Miljøpartiet Dei Grøne har varsla støtte til forslaget.

V o t e r i n g :

Forslaget frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart med 80 mot 19 røyster ikkje vedteke.

(Voteringsutskrift kl. 13.34.33)

Komiteen hadde tilrådd Stortinget å gjera følgjande

v e d t a k :

Dokument 8:24 S (2018–2019) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Ingvild Kjerkol, Tuva Moflag, Tellef Inge Mørland, Elise Bjørnebekk-Waagen og Tore Hagebakken om å utrede og innføre kvalitetskrav for eldreomsorg i norske kommuner – vedtas ikke.

Presidenten: Det vert votert alternativt mellom tilrådinga og forslaga nr. 1 og 2, frå Arbeidarpartiet.

Forslag nr. 1 lyder:

«Stortinget ber regjeringen utrede og innføre kvalitetskrav for eldreomsorg i norske kommuner.»

Forslag nr. 2 lyder:

«Stortinget ber regjeringen i utredningen av kvalitetskrav for eldreomsorgen vurdere en løsning med egne innsatsteam som kan hjelpe kommuner å heve kvaliteten på tilbudet.»

Miljøpartiet Dei Grøne har varsla støtte til forslaga.

V o t e r i n g :

Ved alternativ votering mellom tilrådinga frå komiteen og forslaga frå Arbeidarpartiet vart tilrådinga vedteken med 69 mot 30 røyster.

(Voteringsutskrift kl. 13.35.22)

Votering i sak nr. 4

Komiteen hadde tilrådd Stortinget å gjera følgjande

v e d t a k :

Dokument 3:5 (2018–2019) – Riksrevisjonens undersøkelse av tilgjengelighet og kvalitet i eldreomsorgen – vedlegges protokollen.

V o t e r i n g :

Tilrådinga frå komiteen vart samrøystes vedteken.

Votering i sak nr. 5

Komiteen hadde tilrådd Stortinget å gjera følgjande

v e d t a k :

Dokument 3:2 (2017–2018) – Riksrevisjonens kontroll med forvaltningen av statlige selskaper – 2017 – vedlegges protokollen.

V o t e r i n g :

Tilrådinga frå komiteen vart samrøystes vedteken.

Sak nr. 6 [13:36:08]

Referat

- (186) Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om forbud mot innleie av arbeidskraft fra virksomheter som ikke er produksjonsbedrifter (Dokument 8:91 S (2018–2019))
Samr.: Vert sendt arbeids- og sosialkomiteen.
- (187) Representantforslag fra stortingsrepresentant Kristoffer Robin Haug om å stoppe insektsdøden (Dokument 8:88 S (2018–2019))
Samr.: Vert sendt energi- og miljøkomiteen, som legg fram sitt utkast til tilråding for næringskomiteen til fråsegn før tilrådinga vert lagd fram.
- (188) Representantforslag fra stortingsrepresentant Kristoffer Robin Haug om å gjøre ordningen med brukerstyrt personlig assistanse reell for alle (Dokument 8:87 S (2018–2019))
Samr.: Vert sendt helse- og omsorgskomiteen.
- (189) Representantforslag fra stortingsrepresentantene Karin Andersen og Petter Eide om å gi staten plikt til å dekke økonomisk tap som vergen har påført personer under vergemål (Dokument 8:89 S (2018–2019))
Samr.: Vert sendt justiskomiteen.

5. (190) Representantforslag fra stortingsrepresentant Bjørnar Moxnes om strakstiltak mot farlige vogntog på norske veier (Dokument 8:90 S (2018–2019))

Presidenten: Presidenten foreslår at nr. 190 vert sendt transport- og kommunikasjonskomiteen.

Bjørnar Moxnes (R) [13:36:37]: Det gjelder nr. 190, strakstiltak mot farlige vogntog på norske veier. Vi foreslår at den saken behandles raskt, etter § 39 c, fordi det fortsatt er mange farlige, smale, svingete og glatte veier rundt i landet vårt. Vinteren er ikke over, selv om det er blitt litt varmere her sørpå. Det er også mange farlige utenlandske vogntog, så vi trenger strakstiltak fra Stortinget, mener vi.

Presidenten: Det er vel, slik presidenten ser det, ikkje noko i det representantforslaget som skulle tilseia at ikkje transportkomiteen kan behandla det. Presidenten har sjølv vore medlem i den komiteen i to periodar, og han kan jobba veldig raskt!

Det ligg føre to forslag til behandlingmåte. Presidenten foreslår at nr. 190 vert sendt til transport- og kommunikasjonskomiteen. Bjørnar Moxnes har på vegner av Raudt fremja forslag om behandling etter forretningsordenens § 39 c.

Det vert votert alternativt mellom forslaget frå presidenten og forslaget frå Bjørnar Moxnes.

V o t e r i n g :

Ved alternativ votering mellom forslaget frå presidenten og forslaget frå Bjørnar Moxnes vart forslaget frå presidenten vedteke med 88 mot 6 røyster.

(Voteringsutskrift kl. 13.38.37)

Presidenten: Presidentens forslag til behandlingmåte er dermed vedteke.

Dermed er dagens kart ferdigbehandla. Ber nokon om ordet før møtet vert heva? – Møtet er heva.

Møtet slutt kl. 13.39.
